



**VOLDA KOMMUNE**  
Nærings- og utviklingsstaben  
6101 VOLDA

Tussa Kraft AS  
Langemyra 6

6150 ØRSTA

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 1 2351 - 110	
DATO 27 MARS 2003	
AN 501 Vassdr. l.	EKSP.

VOLDA, 24.03.03

Vår ref  
RH-03/00546

Løpenr.  
002835/03

Arkivkode  
S & 13

Dykkar ref.

**MELDING OM POLITISK VEDTAK – ENDRINGAR I INDUSTRI  
VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. FRÅSEGN.**

Vi melder med dette frå at FORMANNSKAPET den 17.03.03 hadde føre ovannemnde som sak 0018/03, der det vart gjort slikt vedtak:

*Volda formannskap er kjende med at eit fleirtal på Stortinget har pålagt Regjeringa å setje ned eit offentleg utval som skal greie ut denne saka med tanke på endeleg handsaming våren 2005. Formannskapet vil likevel som eit innspel til utvalet seie seg samd i dei konklusjonane som kjem fram i fråsegna til Tussa Kraft, som Volda kommune er medeigar i. Dette er ei energi- og industripolitisk viktig sak, og formannskapet vil understreke at eigarskapen til naturressursane og selskapa som forvaltar dei må verte verande på offentlege og lokale og regionale hender.*

*Vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigendomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.*


*Formannskapet går imot lovframlegget om at alle kraftanlegg med off. eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei off. eigde andelane.*

*Når det gjeld heving av grensa for konsesjonsplikt frå 1000 til 4000 naturhestekrefter er Volda formannskap i utgangspunktet positiv til dette. Ein avgjerande føresetnad er likevel at dette ikkje svekkar planprosessen som skal sikre at omsynet til natur-, miljø- og friluftslivverdier vert ivaretekne i samband med utbygging av småkraftverk.*

*Formannskapet føreset at berørte interessenter blir gitt høve til ny høyring/uttale dersom saka skal vidare utgreiast.*

Saksutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Med helsing  
Volda kommune, Servicekontoret

  
Unni Strand  
sekr

Kopi til: Kommunenes Sentralforbund  
Landsamanslutninga av vasskraftkommunar  
Olje- og energidepartementet  
Nils I. Taklo, 6080 Gurskøy

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Telefon:  
70 05 87 15  
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:  
70 05 87 01 Sentraladministrasjonen  
70 05 87 51 Teknisk sektor  
70 05 88 71 Skule- og barnehagesektor  
70 05 88 56 Kultursektor  
70 05 87 91 Landbrukskontoret

Org. nr. 939 760 946  
Postgiro skatt 0827.5915190  
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:  
Stormyra 2

## SAMLA SAKSFRAMSTILLING

**Arkivsak:** 03/00546

### ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. FRÅSEGN.

Sakshandsamar:	Ronald Hagen	Arkiv: S &13
<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
0018/03	FORMANNSKAPET	17.03.03

### SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Ronald Hagen	Arkiv: S &13
Arkivsaksnr.:	03/00546	

### ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. FRÅSEGN.

#### ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Administrasjonen fremjer ikkje forslag til vedtak i denne saka.

#### Samandrag:

Med skriv av 19.11.02 har olje- og energidepartementet sendt forslag til endringar i ovannemnde lover til ei rekkje høyringsinstansar. Volda kommune er ikkje mellom høyringsinstansane, men det er Kommunenes Sentralforbund og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar. Styret i Tussa Kraft AS har uttalt seg og bedt aksjonæranne om å gjere det same.

Høyringsfristen er sett til 31.03.03.

Vesentlege moment i lovendringsforslaget er at:

- Staten vederlagsfritt vil overta fallrettar og kraftanlegg frå fylkeskommunar og kommunar 75 år etter at lovendingane vert iverksette. Nye konsesjonar skal også gjevast for 75 år.
- Vertskommunane sitt krav på inntil 1/3 av verdien av vasskraftanlegg ved heimfall vert redusert til mellom 10 og 15 %.
- Forkjøps- og fortrinnsrett for staten, fylkeskommunane og kommunane ved overdraginga av eigedomsrett, bruksrett eller aksjar i private kraftselskap vert oppheva.
- Grensa for å kunne produsere kraft utan konsesjon vert heva frå 1000 naturhestekrefter til 4000 naturhestekrefter (5 MW).

#### Saksopplysning:

##### 1. Statleg heimfallsrett:

Hittil har konsesjon vore gitt for 60 år til private kraftselskap, medan selskap der meir enn 2/3 av eigarane er offentlege instansar har fått evigvarande konsesjon. Det vert no foreslått endra, slik at både private og offentlege eigarar skal få konsesjon for 75 år. Då kan staten overta fallrettar og kraftanlegg vederlagsfritt frå fylkeskommunar og kommunar (statleg heimfallsrett).

Forslaget er grunnlagt med:

At staten bør ha styringsrett over dei store og evigvarande naturressursane denne saka gjeld.

Eit ønskje om å skape like konkurransevilkår mellom privateigde og offentlig eigde kraftselskap.

Eigarskapsnøytrale regler kan gjere det lettare enn i dag å få tilført kapital, teknologi og kompetanse til ein bransje, som er særskild kapitalkrevjande.

2. **Redusert kompensasjon til vertskommunane ved heimfall.**  
Etter gjeldande lovgjeving har vertskommunane krav på kompensasjon med inntil 1/3 av verdien av vasskraftanlegg ved heimfall. (Så høg er kompensasjonen ikkje ved heimfall av større kraftanlegg). Innføring av eigarnøytralt heimfall etter 75 år, vil medføre at vesentleg fleire kraftverk enn i dag blir omfatta av dette kompensasjonskravet. Difor foreslår staten å redusere vertskommunane sin kompensasjon til mellom 10 og 15 % av verdien.  
Det vert også nemnt i grunngjevinga at dei fleste vertskommunane for større utbyggingar har få innbyggjarar og høge kraftinntekter pr. innbyggjar.
3. **Forkjøps- og fortrinnsrett ved overdraging:**  
Er foreslått oppheva, fordi grunngjevinga for innføring av slike rettar var forsyningsplikt innafor eit visst geografisk område. Forsyningsplikta vart oppheva i gjeldande lov, som vart iverksett i 1991.
4. **Heving av grensa for konsesjonsplikt:**  
Grensa for å måtte søkje om konsesjon for kraftproduksjon vert foreslått heva frå 1000 naturhestekrefter til 4000 naturhestekrefter. Olje- og energidepartementet meiner dette vil stimulere til bygging av fleire småkraftverk.

**Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:**

Er ikkje vurderte.

**Økonomiske konsekvensar av saka:**

Dei økonomiske konsekvensane kan verte store, både på grunn av heimfallsretten til staten, og på grunn av heving av grensa for konsesjonsplikt, dersom det ikkje skal betalast konsesjonsavgift av produksjon på under 4000 naturhestekrefter.

**Konklusjon:**

Heilskapleg styring av evigvarande naturressursar og innføring av like konkurransevilkår for offentlege og privateigde kraftselskap kan vere nødvendige og gode tiltak, slik eg ser det.


Heving av grensa for konsesjonsplikt frå 1000 til 4000 naturhestekrefter synest å kunne ha positiv effekt for utbygging av mindre kraftverk.

Problemet er at staten ikkje vil yte kompensasjon til fylkeskommunar og kommunar, når konsesjonane vert tidsavgrensa til 75 år, og staten då nyttar sin heimfallsrett. Dette problemet har ein likevel 75 år frå lovendringa vert iverksett på seg til å løyse.

Eg legg ikkje fram forslag til fråsegn i denne saka, fordi eg vurderer dette som ei sak administrasjonen ikkje bør fremje forslag i. Volda kommune er heller ikkje med på lista over høyringsinstansar.

**Vedlegg:**

1. To utdrag frå høyringsdokumentet.(sidene 1 til 10 og 28 til 50).
2. Skriv av 11.02.03 frå Tussa Kraft AS og vedlegget til dette skrivet. (Fråsegn frå styret).
3. Skriv av 05.12.02 frå Kommunenes Sentralforbund.



Jarle B. Krumsvik  
Adm.sjef

**Utskrift til:**

Tussa Kraft AS

Kommunenes Sentralforbund.  
Landsamanslutninga av vasskraftkommunar.  
Olje- og energidepartementet.  
Nils I. Taklo, 6080 Gurskøy

## Saksprotokoll

---

**Utval:** FORMANNSKAPET  
**Møtedato:** 17.03.03  
**Sak:** 0018/03

---

**Arkivsak:** 03/00546  
**Tittel:** ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG  
 VASSDRAGSREGULERINGSLOVA. FRÅSEGN.

**Vedtak:**

*Volda formannskap er kjende med at eit fleirtal på Stortinget har pålagt Regjeringa å setje ned eit offentleg utval som skal greie ut denne saka med tanke på endeleg handsaming våren 2005. Formannskapet vil likevel som eit innspel til utvalet seie seg samd i dei konklusjonane som kjem fram i fråsegna til Tussa Kraft, som Volda kommune er medeigar i. Dette er ei energi- og industripolitisk viktig sak, og formannskapet vil understreke at eigarskapen til naturressursane og selskapa som forvaltar dei må verte verande på offentlege og lokale og regionale hender.*

*Vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.*

*Formannskapet går imot lovframlegget om at alle kraftanlegg med off. eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei off. eigde andelane. Når det gjeld heving av grensa for konsesjonsplikt frå 1000 til 4000 naturhestekrefter er Volda formannskap i utgangspunktet positiv til dette. Ein avgjerande føresetnad er likevel at dette ikkje svekkar planprosessen som skal sikre at omsynet til natur-, miljø- og friluftslivverdier vert ivaretekne i samband med utbygging av småkraftverk.*

*Formannskapet føreset at berørte interessenter blir gitt høve til ny høyring/uttale dersom saka skal vidare utgreiast.*

**Behandling:**

**Ugildskap**

Ordføraren reiste spørsmål om han og Ingeborg Lyngnes Dahle var ugild i saka då han sit som fast representant i styret for Tussa Kraft og Ingeborg Lyngnes Dahle sit som vararepresentant i styret for Tussa Kraft.

**Røysting over ugildskap:**

Ordføraren og Ingeborg Lyngnes Dahle blei kjent gjilde, då 6 røysta for mot 1 røysta mot.

Solfrid Førde kom med følgjande framlegg til vedtak i saka

*"Siden kommunane ikkje er høyringsinstansar, vel Volda kommune å ikkje uttale seg i saka."*

Ingrid Opdal og Gunnhild Humberstet kom med følgjande felles framlegg til vedtak i saka:

*"Volda formannskap er kjende med at eit fleirtal på Stortinget har pålagt Regjeringa å setje ned eit offentleg utval som skal greie ut denne saka med tanke på endeleg handsaming våren 2005.*

*Formannskapet vil likevel som eit innspel til utvalet seie seg samd i dei konklusjonane som kjem fram i fråsegna til Tussa Kraft, som Volda kommune er medeigar i. Dette er ei energi- og industripolitisk viktig sak, og formannskapet vil understreke at eigarskapen til naturressursane og selskapa som forvaltar dei må verte verande på offentlege og lokale og regionale hender.*

*Vasskraftressursane er ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedomsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.*

*Formannskapet går imot lovframlegget om at alle kraftanlegg med off. eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei off. eigde andelane.*

*Når det gjeld heving av grensa for konsesjonsplikt frå 1000 til 4000 naturhestekrefter er Volda formannskap i utgangspunktet positiv til dette. Ein avgjerande føresetnad er likevel at dette ikkje svekkar planprosessen som skal sikre at omsynet til natur-, miljø- og friluftslivverdier vert ivaretekne i samband med utbygging av småkraftverk.*

*Formannskapet føreset at berørte interessenter blir gitt høve til ny høyring/uttale dersom saka skal vidare utgreiast.”*

**Røysting:**

Solfrid Førde sitt framlegg til vedtak fall, då det fekk 3 røyster for og 6 røyster mot.

Ingrid Opedal og Gunnhild Humberset sitt felles framlegg til vedtak blei vedteke, då det fekk 7 røyster for og 2 røyster mot.